

Kontrollutvalet

SAK 17/14 REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2013 FOR SANDE NÆRINGSFORUM KF

Vedlegg:

- Revisjonsmelding 2013. Datert 25.04.14.
- Styret si behandling av årsrekneskap og årsmelding 2013. Sak 10/14 av 14.05.14.
- Rekneskap og årsmelding for 2013.

Saksopplysning/saksutgreiing:

Viser til vedlegga til saka: Revisjonsmelding, styresak i Sande Næringsforum, årsmeldinga og rekneskapen, samt kontrollutvalssak 15/14 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2013 og gjennomgangen i kontrollutvalsmøtet.

Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat (meirforbruk) på kr 367.368 og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 0.

I revisjonsmeldinga går styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen fram:

- Å utarbeide årsrekneskap i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
- At det er ein intern kontroll som gjer det mulig å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge mislegheiter eller feil.

Vidare beskriv revisor i revisjonsmeldinga si eiga rolle og plikter:


- Skal seie si meining om årsrekneskapen på grunnlag av den revisjonen som er gjennomført.
- Rekneskapen er revidert i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, i dette International Standards on Auditing, som bl.a. krev at han lever opp til etiske krav samt planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre seg at den ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon
- For meir informasjon viser eg til punktet *Revisors oppgåver og plikter* i revisjonsmeldinga

Revisor sin uttale om andre tilhøve i revisjonsmeldinga

- Regulert budsjett er i samsvar med budsjettvedtak. *Rekneskapen viser avvik i høve til budsjett, men dette har i hovudsak samanheng med at selskapet har motteke lavare overføringar enn forutsett, og har derfor måtte redusere kostnadssida (overføringar).* Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Sande Næringsforum KF sine rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk

Forslag til uttale:

- 1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2013 datert 25. april 2014.
- 2 Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen for 2013, som består av årsmelding, driftsrekneskap, som viser eit netto driftsresultat (meirforbruk) på kr 367.368 og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 0, og balanse pr. 31.12.2013 med notar som forklarar andre relevante opplysningar, kan godkjennast.



Jostein Støylen
Dagleg leiar

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til kommunestyret i Sande

6084 LARSNES

REVISJONSMELDING 2013

Uttalelse om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sande næringsforum KF for 2013. Årsrekneskapen består av årsmelding, driftsrekneskap og balanse pr 31.12.2013 med notar som beskriv andre relevante opplysningar.

Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat (meirforbruk) på kr 367.368,- og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 0,-.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk. Styret og dagleg leiar har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgave er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utførelse av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valgte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i mislegheiter eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet sin utarbeidelse av eit årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Revisjonen omfattar og ein vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga er rimelege, samt ein vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til Sande næringsforum KF pr 31. desember 2013, og av

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Uttalelsar om andre forhold

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av rekneskapen som beskreve ovanfor meiner vi at regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak. Rekneskapen viser avvik i forhold til budsjett, men dette har i hovudsak samanheng med at selskapet har motteke lavare overføringar enn forutsett og har derfor måtte redusere kostnadssida (overføringar).

Konklusjon om årsmelding

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Sande næringsforum KF sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Larsnes 25. april 2014

Halldis Moltu
Halldis Moltu

Reg. revisor



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MØTEPROTOKOLL

Utval: Sande Næringsforum
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 14.05.2014
Tid: 13:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Mathias Hogne Gjerde	Medlem	SK
Ivar Slettevoll	Leiar	SN
Vebjørn Strømsnes	Medlem	SN
Merete Petersen	Medlem	SN
Åge Sandvik	Medlem	SN

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kirsti Kragset Indresøvdde	NESTL	SK
Kenneth Beitveit	Medlem	SN

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Roger Gjerde	Kenneth Beitveit	SN

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
John Georg Larsen	Dagleg leiar

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 10/14	Godkjenning av Årsrekneskap og Årsmelding 2013 for Sande Næringsforum	
	Eventuelt	

PS 10/14 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2013 FORSANDE NÆRINGSFORUM

Handsaming i Sande Næringsforum :

Saka vart handsama telefonisk og det vart gjort slikt

VEDTAK:

Årsrekneskap og Årsmelding for 2013 vart vedteke.

Ivar Slettevoll og Åge Sandvik signerer for styret.

Ivar Slettevoll

Åge Sandvik

Rett utskrift

Sande Servicekontor, 6084 Larsnes 14.05.2014


Solfrid Møller

ÅRSMELDING 2013

Sande Næringsforum kf (SN) er Sande kommune sitt næringsapparat, og har til føremål å fremje næringsutvikling i kommuna, spesielt med tanke på nyetableringar og støtte til eksisterande næringar. SN skal også vere pådrivar for auka bustadbygging i kommuna, og på den måten legge til rette for auka busetnad og folketalsutvikling. Folketalet i Sande er stigande , med ein netto auke på 20 personar i 2013.


Aktiviteten har vore retta inn mot bistand til eksisterande bedrifter i kommunen, og forsøk på innfasing av nye bedrifter. Eksisternade næringsliv i Sande går godt, og er prega av høg aktivitet. Arbeidsløysa er lav, og innan enkelte områder er det vanskeleg å få tak i kvalifisert personell. Innan skipsbygging har ein kompensert for dette med auka inntak av utanlandsk arbeidskraft. Dette stiller krav til så vel bedrifter som lokalsamfunn, med tanke på integrering og trivsel i bygdelaga. Ymse tiltak er sett i verk, og satsinga på m.a. språkopplæring er betydeleg og har blitt støtta over mange år. SN har og støtta pendlarruta i 2013.

SN arbeider aktivt i høve til utviklingsprosjekt i næringane, og ikkje minst utviklingsprosjekt i bygdene som er med på å skape trivsel og tilknytning. Dette gjer bygdene meir attraktive med tanke på rekruttering og integrering av tilflytta arbeidarar og deira familier. SN har mellom anna arbeidd med realisering av bustadkompleks på Larsnes.


Mangel på husvære har til dels vore til hinder for tilflytting. Fleire nye bustad prosjekt er under oppføring og planlegging, og vil sannsynlegvis verte realiserte i dei næraste åra. SN er pådrivar for desse prosjekta. Småbåthamnprosjekt er under planlegging i fleire bygdelag. Laga har fått støtte til utbygging av fleire småbåtplassar og gjestebrygger, noko som også gjer bygdene meir attraktive for dei som bur der, og ikkje minst for dei som flyttar til.

Det rekneskapsmessige resultat syner eit negativt netto driftsresultat på **kr.367.368** og rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 0,00.

Larsnes 31.12.2013 / 10.05.2014


John Georg Larsen, dagleg leiar

For styret:


Age Sandvik


Ivar Slettevoll

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT

Rekneskap 2012 Vedt. budsj. 2013 Rev. budsj. 2013 Rekneskap 2013

DRIFTSINNTEKTER

LN03	Brukerbetalinger	0	0	0	0
LN04	Andre salgs- og leieinntekter	-58	0	0	0
LN05	Overføringer med krav til motytelser	0	0	0	0
LN06	Rammetilskudd fra staten	0	0	0	0
LN07	Andre statlige overføringer	0	0	0	0
LN08	Andre overføringer	-4 406 530	-4 300 000	-4 300 000	-3 720 000
LN12	Sum driftsinntekter	-4 406 588	-4 300 000	-4 300 000	-3 720 000

DRIFTSUTGIFTER

LN14	Lønnsutgifter	525 843	510 800	510 800	499 630
LN15	Sosiale utgifter	119 638	159 430	159 430	121 667
LN16	Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal t	29 228	42 700	42 700	55 022
LN17	Kjøp av tjenester som erstatter kommunal tjenestep	4 531	4 500	4 500	2 719
LN18	Overføringer	2 208 371	4 350 000	4 350 000	4 087 943
LN19	Avskrivninger	0	0	0	0
LN20	Fordelte utgifter	-599 400	-550 000	-550 000	-550 000
LN21	Sum driftsutgifter	2 288 211	4 517 430	4 517 430	4 216 981
LN23	Brutto driftsresultat	-2 118 377	217 430	217 430	496 981

EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER

Finansinntekter					
LN25	Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-115 221	-115 000	-115 000	-129 613
LN26	Mottatte avdrag på lån	0	0	0	0
LN27	Sum eksterne finansinntekter	-115 221	-115 000	-115 000	-129 613
Finansutgifter					
LN29	Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	0	0	0	0
LN30	Avdragsutgifter	0	0	0	0
LN31	Utlån	0	0	0	0
LN32	Sum eksterne finansutgifter	0	0	0	0
LN34	Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	-115 221	-115 000	-115 000	-129 613
LN35	Motpost avskrivninger	0	0	0	0
LN36	Netto driftsresultat	-2 233 598	102 430	102 430	367 368

AVSETNINGER

Bruk av avsetninger					
LN38	Bruk av tidligere års regnskapsm. Mindreforbruk	0	0	0	0
LN39	Bruk av disposisjonsfond	-48 000	-50 000	-50 000	-9 727
LN40	Bruk av bundne fond	0	-107 430	-107 430	-480 753
LN41	Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
LN42	Sum bruk av avsetninger	-48 000	-157 430	-157 430	-490 480
Avsetninger					
LN45	Dekning av tidligere års regnskapsm. Merforbruk	-23 188	0	0	0
LN46	Avsetninger disposisjonsfond	0	0	0	0
LN47	Avsetninger til budne fond	2 304 786	55 000	55 000	123 112
LN48	Avsetninger til likviditetsreserve	0	0	0	0
LN49	Sum avsetninger	2 281 598	55 000	55 000	123 112
LN51	Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk	0	0	0	0

BALANSEREGNSKAP

Rekneskap 2013

Rekneskap 2012

LN010 EIENDELER**LN020 (A) Anleggsmidler**

LN040	Utstyr, maskiner og transportmidler	0	0
LN060	Aksjer og andeler	0	0
LN062	Pensjonsmidler	3 007	317 363
LN065	Sum anleggsmidler	3 007	317 363

LN070 (B) Omløpsmidler

LN080	Kortsiktige fordringer	4 273	11 536
LN085	Premieavvik	0	0
LN120	Kasse, bankinnskudd	5 142 746	5 490 341
LN121	Sum omløpsmidler	5 147 019	5 501 877

LN130 SUM EIENDELER (A + B)

5 150 026

5 819 240

EGENKAPITAL OG GJELD**LN150 (C) EGENKAPITAL**

LN160	Disposisjonsfond	-12 514	-45 430
LN170	Bundne driftsfond	-4 980 004	-5 337 645
LN180	Ubundne investeringsfond	0	0
LN190	Bundne investeringsfond	0	0
LN200	Regnskapsmessig mindreforbruk	0	0
LN210	Regnskapsmessig merforbruk	0	23 188
LN220	Likviditetsreserve	0	0
LN230	Kapitalkonto	-35 020	90 255
LN231	SUM EGENKAPITAL	-5 027 538	-5 269 632

LN240 (D) GJELD

LN250	Langsiktig gjeld		
LN252	Pensjonsforpliktelse	0	-396 843
LN260	Ihendehaverobligasjonslån	0	0
LN280	Andre lån	0	0
LN281	Sum langsiktig gjeld	0	-396 843

LN290 Kortsiktig gjeld

LN300	Kassekredittlån	0	0
LN310	Annen kortsiktig gjeld	-122 488	-152 765
LN312	Premieavvik	0	0
LN315	Sum kortsiktig gjeld	-122 488	-152 765

LN316 SUM GJELD (D)

-122 488

-549 608

LN317 SUM EGENKAPITAL OG GJELD (C + D)

-5 150 026

-5 819 240

LN318 BALANSENS NETTOSUM

0

0

Larsnes, den 31.12.2013 / 03.04.2014


Sande Næringsforum KF
John Georg Larsen
Dagleg leiar

Sande kommunekasse
Jan Egil Sætereng
Rekneskapsfører / Økonomileiar





BALANSEREGNSKAP

Rekneskap 2013

Rekneskap 2012

SPESIFIKASJON AV ENDRING ARBEIDSKAPITAL:

OMLØPSMIDLAR		
Endring betalingsmidlar	-347 594	710 543
Endring kortsiktige fordringar	-7 263	0
ENDRING OMLØPSMIDLAR	-354 857	710 543
ENDRING KORTSIKTIG GJELD	30 277	39 579
Endring pensjonsmidler	-315 238	50 356
Endring pensjonsforpliktelser	396 843	-69 210
ENDRING ARBEIDSKAPITAL (Neg. = nedgang)	-242 975	731 268